Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. nr. 23. Fylke: Möre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Vanylven.

Emne: Bordskikk til kvardags. Bygdelag: Heile Vanylven.

Oppskr. av: Hans Vidnes. Gard:

(adresse): Åheim. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Helst det.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) Ein sat ved storebordet. Seinare ved kjökenbordet. I små som brukte ein før „skive", serleg for einslege personar.

2) Ja, alle i huset.

3) Ingen skilnad på tenestfolk og husbondsfolk her på vanlege

4) bondegardar. Same mat.

5) Dei et på kjökenet til dagleg.

6) Ved festlege höve et ein i stova: jul, påske, sundag, somtid, familiehögtider og når ein har gjester. Husbondsfolk og tenarar alltid saman.

7) Helst det. Husfaren ved högbordsenden, husmora midt i mot.

8) Veit ikkje om det. har aldri höyrt om ståande born.

9) Namnet lite brukt. „Högbordsenden": det ordet brukar ein, men der set ein også likaste gjesten. Det er ikkje alltid husfaren som sit der. Det er helst den enden av bordet som står lengst frå döra.

10) Helst på same måte.

4863

11) Ikkje så nøye før som no.
Omskifte kom kring 1880 åra, med
såpe og større reinhald. Hua av
alltid.
12) Kring 1880 åt alle av same fatet,
fisk, kjøt, graut, av same mjølke=
ringe, drakk av same krus, spann,
bøtte, bolle. Slutt kring 1900.
Både det felles kopp og ikkje.
Etter 1900, ja, før med, kvar sin
kopp. Her kalla vi det kopp,
eller av den sorten ein kalla
skål. Dei var av krus.
Tok gjerne ein bugge i skeia og
duppa ho i koppen. Ved oppatt=
hita graut vart mjølka slegen
på, grauten skoren i stykker
med skei. Ein ~~k~~ brukar det
på same måten no. Det var
vel helst ved kaffedrikkinga
at kvar fekk sin kopp.
13) Steikepanna vart før sett på
bordet. Ikkje gryta. Ein slo den
varme maten, utan i krusfat,
eller frå fyrst av i tefat.
Når tilfeldige framande er til=
stades, prøver ein i farten å få
noko betre stell.
14) Ein lagde maten mellom flat-
brød=stykke. serleg når ein åt fisk.
~~ikkje kjøt~~. Fyrst smurde ein
brødet under med smør, eller
oftare, la lever på, så fisk og
poteter over det alt, så eit brød-
stykke over. Ein gjorde det same
med flesk og spekekjøt, men då
ikkje smør. Poteter då og.

4863

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3)



15) Ja.
16) Dei brukte det mykje før. Ikkje god skikk no.
17) Gaffel til dagleg bruk vart skikk her kring 1915, og utover. No er det gjennomført.
18) Tolekniven var i bruk på speke-kjøtt og flesk. Han gjekk ofte rundt ved bordet, eller husmor bruka han. Ein hadde også bordknivar kalla „bordjonge", laga av smedane i bygda. Treskaft, og skap mest som vanlege bord-knivar no. Kvasse.
19) Ja. Eg kjen~~ner~~de ein husfar, (plassmann) som sleikte hornskeia si og sette ho og kniven sin i ~~plassen ved bordet~~ „haldet" ~~over~~ på veggen over plassen sin ved bordet. Dei andre fekk bordtøyet vaska. Det vart lagt i ei knivkasse, eller i ei bordskuffe. Hornskeier var i bruk til kring 1910, vanleg til kring 1880. Det same med treskeier. Seinare jarnskeier. Vask av dei i alle fall etter 1950.
20) Truleg kring 1850, og før. Men det var vanleg å ete utan tallerk også mat som fisk. kring 1900. Dreia trediskar var og i bruk, men ikkje etter 1910. Ja. ein gjekk over frå fellesfat til djupe tallerkar.
21) Nei. duk til kvardags ikkje i bruk før voksduken vart vanleg. kring 1920-åra. Ja. dersom det er voksduk.
22) Voksduk. Der det er mindre bra stell. Kvitskurt bord.

4863

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4/ 4

23/ Det å etle ("eschle") ut maten var i bruk til kring 1910. Ingen rekkjefylgje. Fyrst vart det avleggs å etle til vakse folk. No får alle det dei vil. Vanleg sidan fyrste heimskrig.

24/ Helst smör, kjöt, flesk, spekekjöt, og det som var dyrt og lite av, finmat. Frå fyrsten vart vel all mat etla. Dei prövde skifta også den frå fellesfatet. Fisk og sild slapp dei etle her, og også poteter etter kvart.

25/ Skynet sa ein kva kvar trong. Tungarbeidet var avgjerande.

26/ "Tåtteårsalderen" greier dei seg sjölv. Mor lyt nok hjelpe seinare og.

27/ Ja, ein togg åt dei. Eller la maten i ein klut, batt för så det vart ein kul på kluten, sette så dette i munnen på barnet. "Tåte".

28/ Ja, ein les helst, eller syng i högtidelege lag, bordvers både för og etter. Til daglegdags er det borna som les högt, vaksne stillt. Det er no blitt meir og meir truessak, mindre skikk. Endå er det vel fleire som les enn ikkje.

29/ Ja, sjölvfylgjeleg, no som för, også borna. Dei som vil snakkar.

30/ Tillate å le, men ikkje skratte.

31/ "Mannen visste ikkje at kjeringa var gala för ho ~~tovatt~~ som att med bordet".

32/ Ja, vanleg det.

4863

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5/ Bordskikk til kvardags.

Framhald:

33) Ja, til husmor, helst, og til dei som har gjeve maten og stellt han.

34) Enno som før: „Signe maten!", eller: „Vel bekomme!"

35) Ein „måtte" ikkje, men ein „burde" by han med om han trong det då, helst gje han seinare, og då betre stell, når ein sjølve var ferdige.

36) Ja, det er og har vore vanleg, om han då stansar ~~noko~~ ei stund, så det blir tid til det.

37) Nei, ikkje dersom han hadde hastverk. Vanleg å by han stanze „til ein kopp kaffi", eller mjølk.

38) Nei, ikkje oftast. okstid. men Nei, ein har ikkje kjøken på alltid no. Ikkje før heller.

39) Er ein bra kjend med gjesten, kan han ete på kjøkenet. Istova ~~sit~~ et han åleine, men betre skikk at husfar eller husmor et med han.

40) Før brukte dei å nøyda gjesten: „No må du tyggje!" „Du må 'kje vera biren!" „Så, ta til deg no!" „No må du forsyne deg!". Gjesten skull „orkåre" seg: „Eg er så mette". „Eg har sett ei god stødo". o.s.v.

41) Helst halde han med selskap. Set sit stykke frå bordet. Ikkje stire på gjesten.

4863

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Eg saknar i desse spørsmåla utgreiing om dei ymse matrettar og dei ymse slag mat og kor dei vart tillaga. Men det kjem vel seinare, sidan det vel må vera det viktigaste?

D. S.

4863

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING